



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

12.02.2024

Vår ref:

2024/1059

Dykkar dato:

12.01.2024

Dykkar ref:

202008886

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om redusert minste slukeevne i Øyrabekken kraftverk i Kvinnherad kommune

Statsforvaltaren rår frå å gi løyve til å redusere minste slukeevne i Øyrabekken kraftverk, då endringa kan skade sjøaure og viktig naturmiljø ved elva.

Vi viser til høyringa av søknaden om redusert minste driftsvassføring i Øyrabekken kraftverk.

Bakgrunn

Småkraft AS har søkt om å få redusere minste driftsvassføring i kraftverket frå 100 l/s til 25 l/s. Endringa vil auke tida det berre går minstevassføring i elva. Tal døgn med avrenning mindre enn minste slukeevne pluss minstevassføring, vil bli redusert frå 180 til 126 døgn for eit tørt år, frå 162 til 92 døgn for eit middels år, og frå 64 til 17 døgn for eit vått år. Det årlege energiutbyttet vil auke med 0,14 GWh.

Vår vurdering

Slukeevneintervall og minstevassføringsvilkår er viktige premisser for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og natur- og friluftsinteresser ved vasskraftutbyggingar. Vassføringar større enn største slukeevne og mindre enn minste slukeevne pluss minstevassføring, tilfører vatn utover minstevassføringa og gir ein dynamikk som er viktig for naturmiljø og friluftsinteresser.

Sweco AS har vurdert at redusert minste slukeevne vil føre til noko tørrare vegetasjon langs elva, men at verdien av naturtypelokaliteten Husafjellet, ein rik edellauskog med verdi svært viktig (A), ikkje vil bli redusert. I konsekvensnotatet er det nemnt at det spesielt er langs elva det er registrert eit fuktig miljø, og det er påvist fuktkrevjande lav på eldre trestammer og på fjell.

I Naturbase står det følgjande om artsmangfaldet: «Skogen er klart humid med en rik og velutviklet flora av fuktighetskrevende lav på eldre trestammer og på fjell. Lungenever (til dels fertil), kystnever, vrengelaver, vanlig blåfiltlav, gryn- og stiftfiltlav forekommer rikelig. Mer lokalt vokser buktporelav, kystfiltlav og skorpefiltlav (NT). Sølvnever er funnet seks steder, både på trær og på fjell, til dels rikelig. Det er potensial for å finne flere sjeldne og truede epifyttiske lav, insekter knyttet til gamle og hule trær, evt også sopp knyttet til rik bakke. I rik skredjord vokser rikelig med jordnøtt, myske, skjellrot, taggbregne, junkerbregne og vendelrot. Sanikel forekommer også. I et fuktsig er det funnet dronningmose.» Fukttilgangen frå dei mange vassiga, bekkane og elvane i området er avgjerande for

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



førekkomsten av fuktkrevjande artar, som elles ikkje ville finne gode levekår i eit sørvendt område som dette.

Gjeldande manøvreringsreglement skal mellom anna sikre akseptable vilkår for ein førekomst av sjøaure. Redusert dynamikk i elva og enda lengre periodar med berre minstevassføring, vil vere negativt for fiskeproduksjonen. Sjøauren i Vestland er som kjend under sterkt press frå ei rekkje påverknadsfaktorar, og det er viktig å oppretthalde produksjonen i alle store og små sjøaureelvar.

Sjøaureførekomsten er ikkje omtalt eller vurdert i konsekvensnotatet for endringssøknaden. I staden er det gjengjeve informasjon frå konsesjonssøknaden om at vassdraget ikkje har verdi for sjøaure, og at produksjonen uansett vil vere under mengda årleg utvandrande smolt som skal til for å oppretthalde eigne bestandar. Vi (dåverande Fylkesmannen i Hordaland) klargjorde i konsesjonshøringa at små elvar som Øyrabekken med førekomst av sjøaure òg har stor verdi, og bidreg med smolt til fjorden utanfor munninga. Det er viktig at kunnskapsgrunnlaget for sjøaure i bakgrunnsnotatet for konsesjonen blir teke fram og lagt til grunn i vurderinga av konsekvensar for fiskeinteressene.

For Øyrabekken kraftverk er slukeevneintervallet i dag godt innafor vanleg nivå for kraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra. Maksimal slukeevne utgjer 153 prosent av middelvassføringa, og minste slukeevne utgjer om lag 18 prosent. Søknaden gjeld reduksjon av minste driftsvassføring til berre 4,5 prosent av middelvassføringa. Dette vurderer vi til å liggje heilt i nedre sjikt av vanleg nivå for nyare småkraftverk, ut frå vår erfaring med slike konsesjonssaker dei seinare åra. Gjeldande minstevassføringskrav vurderer vi til å vere lågt samanlikna med konsesjonar som er gitt dei seinare åra for utbyggingar som påverkar viktig naturmiljø.

Vi meiner det er uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Det bør difor vere ein viss terskel for å akseptere auka vassutnytting i disfavør av allmenne interesser. I denne saka er det viktige naturverdiar ved elva og ein førekomst av sjøaure som kan bli negativt påverka, og utnyttinga av elva ved låge vassføringar ser ut til å bli strekt i ytterkant av det som har vore vanleg for småkraftverk. **Vi rår difor frå å redusere slukeevna for Øyrabekken kraftverk.**

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune
Vestland fylkeskommune

Rosendalsvegen 10
Postboks 7900

5470 ROSENDAL
5020 BERGEN